



Consulentpartner As
Eidemsbakken 1
6440 Elnesvågen

Dykkar	Dykkar	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Dato:
ref:	dato:	23/56991 - 23/35428	Ingeborg Forseth - 712 80 155	18.12.2023
	18.12.2023			

Hustadvika kommune - detaljregulering - reguleringsplan Skaret - fråsegn ved oppstart

Fylkeskommunen utgjer det regionalpolitiske nivået i det norske styringssystemet. Fylkestinget er øvste mynde.

Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvalting, naturressursforvalting og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.

Fylkeskommunens planverk er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.

Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av regionalt planforum. Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentleg ettersyn.

INNLEIING

Saka gjeld reguleringsendring for delar av reguleringsplan for Skaret. Endringane er kort skissert endringar på område F2 slik at permanent barnehagedrift for Krohnstad Montessori barnehage blir mogleg, å mogleggjere fleire tomter til fritidsbustad i F2 og eksisterande fritidsbebygging på H10 blir inkludert i reguleringsendringa og at eksisterande vassbehandlingsanlegg på område F2 får riktig arealformål. Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå våre ansvarsområde følgande merknader:

INNSPEL TIL PLANARBEIDET

Planfaglege merknader

Vi stettar ikkje forslagsstillar si vurdering om at det ikkje er krav om konsekvensutgreiing, jf. vedlegg ii- nr. 11 bokstav j i forskrift om konsekvensutgreiingar. Etablering av barnehage er ikkje i samsvar med gjeldande plan for området og er heller ikkje vurdert av kommunen jf. referat frå oppstartsmøte.

Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging og Fylkesplanen

Fylkesplanen er den overordna planen for samfunnsutvikling i Møre og Romsdal. Den legg mellom anna til grunn at planlegging skal ha eit heilskapleg, langsiktig og berekraftig perspektiv. Det skal leggjast vekt på å oppnå gode regionale løysingar med avklaring av transportsystem, utbyggingsmønster og senterstruktur på tvers av kommune- og fylkesgrensene.

Utbyggingsmønster og transportsystem bør fremme utvikling av kompakte byar og tettstader, redusere transportbehovet og legge til rette for klima- og miljøvennlege transportformer. For å fremme kompakte byar og tettstader med korte avstandar, skal potensialet for fortetting og transformasjon nyttast før nye utbyggingsområde blir tatt i bruk. Etablering av barnehagar bør samordnast med samanfallande arealbruk slik at ein kan redusere transportbehovet til arbeid for tilsette og levering/henting av barn, eventuelt lokalisere barnehagar der transporten kan kombinerast med daglege gjeremål.

Samferdsel

Arealbruk

Barnehage

Planområdet med mellom anna barnehagedrift som foreslått, ligg om lag 1-1,5 mil frå Molde by og Elnesvågen sentrum. Barnehagen ligg langt frå all bustadfelt samt utanfor ein naturleg dagleg køyrerute og kollektivtrase - det meste av pendlartrafikken mellom kommunane Hustadvika og Molde går gjennom Tussentunnelen. Det er ikkje kollektivtilbod eller gang- og sykkelveg til Skaret, og levering og henting i barnehagen må gjerast med bil. Ein del levering og henting i barnehagen vil truleg kunne skje til og frå arbeid for ein del foreldre/føresette som pendlar mellom Hustadvika og Molde, men elles vil barnehagen medføre auka biltrafikk. Ein barnehage med omtrentleg 30 barn pluss tilsette frå ulike geografiske område kan gjere det vanskeleg å samordne køyringa. Dette vil generere mange køyreturar i vekedagane, og dei kan samtidig vere relativt lange. Dersom barnehagen også inngår i kommunen sin barnehagedekning, vil man også kunne kome i ein situasjon der at nokon må akseptere ein plass her til tross for ein upraktisk og lang køyreveg.

Vi stiller spørsmål til at det blir fremma detaljreguleringsplan utan forankring i politisk avklart overordna plan. Detaljregulering skal i hovudsak nyttast for å følge opp og konkretisere arealdisponering fastsett i kommuneplanens arealdel. Det er svært uheldig å legge opp til ein annan arealbruk som strid mot den vedtekne kommuneplanen, og ein burde heller ha vurdert lokalisering og behov i kommuneplansamanheng før ein startar detaljregulering. Denne typen

arealbruk bør samordnast og plasserast saman med eller i nærleiken av bustadfelt og andre liknande offentlege formål. Kommunen må vurdere om behov for barnehage kan bli dekkja andre stader i kommunen som er vurdert og avsett til slikt formål i vedteken kommuneplan.

Lokaliseringa av barnehage på Skaret er langt utanfor by- og tettstadsområda i Hustadvika og Molde kommunar. Ei slik lokalisering vil verken fremje nasjonale mål om meir kompakte byar og tettstader med korte avstandar til ulike gjeremål i kvardagen, eller styrke sykkel og gåing som transportform. Etablering av permanent barnehage her er etter vår vurdering i strid med statlege og regionale mål til areal- og transportpolitikken, jf. Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging og Møre og Romsdal fylkeskommune sin fylkesstrategi for samferdsel. Vidare har Hustadvika kommune mål i samfunnsdelen av kommuneplanen om ein berekraftig areal- og transportutvikling.

Med bakgrunn i det som nemnt over, er vi negative til etablering av permanent barnehagedrift på Skaret.

Fritidsbustader

Det er allereie ein del fritidsbusetnad i området. Vi har i utgangspunktet ingen særlege merknader til at det blir lagt til rette for inntil 10 nye fritidsbustader. Konsekvensane av formålet tett inn mot barnehagen, samt friluftsiinteressene i området, må vurderast. Parkering og internt køyremønster må inngå i dette.

Vegsystem

Tilkomst

Tilkomst til området skjer via to avkøyrslar frå fylkesveg 6232. Den nordlegaste avkøyrsele er regulert med offentlege skilt, og det er forbode å køyre inn denne avkøyrsele frå fv. 6232. I tillegg er det forbode å svinge til venstre i denne avkøyrsele.

Avkøyrslane til/frå planområdet ligg noko uheldig plassert i forhold til kurva på fylkesvegen, og gir særleg vanskelege siktforhold ved utkøyring frå den nordlege avkøyrsele. Her må det bli vurdert tiltak i innerkurva slik at siktforholda bli betra, og eventuell justering av avkøyrslane. Ein må også ta høgde for å setje av tilstrekkeleg areal til snørydding.

Avkøyrsele frå fv. 6232 må regulerast i tråd med Statens vegvesen si handbok N100, og det må bli knytt rekkefølgekrav til opparbeiding/utbetring av avkøyrsele i tråd med vegnormalane. Vi minner om at frisktzone i avkøyrsele/kryss til planområdet må visast som omsynssone i plankartet, og det må bli knytt føresegn til omsynssona.

Byggegrense og sikkerheitssone

Fylkesvegen si byggegrense bør bli regulert i samsvar med i «Rammeplan for avkøyrslar og differensierte byggegrenser». Byggegrensene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift

av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen. Byggegrensa må målsettast i plankartet og i tilhøyrande føresegn.

Fylkesvegen sitt eigedomsområde, sikkerheitssone og ervervsareal må bli regulert til formålet «annan veggrunn». Ervervsarealet er sikkerheitssona + 2 meter målt frå vegkant.

Sikkerheitssone blir bestemt ut ifrå krava i handbok N101.

Vurdering trafikktryggleik

Ein planomtale må så langt det er relevant i den enkelte saka drøfte trafikkauke, trafikklysingar for personbil, avfallshandtering, varetransport, kollektivtrafikk, parkering, samt situasjonen for mjuke trafikantar og barn. Ferdsel langs og kryssing av fylkesvegen for desse gruppene skal alltid vurderast.

Omtalen må ta for seg heile arealet innanfor plangrensa og influensområdet, dvs. område utanfor planområdet som planforslaget har innverknad på. Vurderingane må omfatte noverande/eksisterande situasjon, omtale av planforslaget, verknader av planforslaget og eventuelle avbøtande tiltak.

Turløyper/-mål ligg på begge sider av fv. 6232. Det må vurderast trygg kryssing av fylkesvegen i området slik at turmål på begge sider har trygg tilkomst. Trygg kryssing av fylkesvegen og sikring av dette må vurderast i tråd med Statens vegvesen sine handbøker, mellom anna handbok N100 og V127.

Barn og unge

Trafikkavvikling internt på området

Reguleringsplanen for området legg opp til forretning og fritidsbustad. Barnehage vil vere omgitt og delvis inngå i disse formåla. Ved arrangement og turisme på Skaret, kan dette generere mykje trafikk inne på og rundt området, også i barnehagen sine opningstider. Da barnehagedrifta legg opp til mykje friluftaktivitet i området samt eit eiga avgrensa leikeområde aust for parkeringsplassen, vil det krevje tilrettelegging for trygg ferdsel inne på området. Kommunen må ut frå dei nemnte trafiksikkerheitsmessige forhold vurdere om det er tilrådeleg å kombinere denne type arealbruk, og eventuelt kva tiltak som må gjennomførast.

I det vidare planarbeidet må ein grundig vurdere forholda knytt til barn og unge og deira trygge ferdsel i dette området. Avbøtande tiltak som sikrar deira trygge ferdsel må bli grundig vurdert og opparbeiding av eventuelt avbøtande tiltak må bli sikra som rekkefølgekrav i planen.

Varelevering og avfallshenting

Reguleringsplanen må gjere greie for behovet for varelevering til barnehagen samt renovasjonsløysing, og korleis dette skal løysast på ein trygg og god måte. Varelevering og renovasjonsbilar er gjerne større og meir uoversiktlege køyretøy, og ein skal i størst mogleg grad

legge opp til løysingar som gjer at slike køyretøy ikkje må rygge inne på eit område der spesielt mjuke trafikantar ferdist.

I det vidare planarbeidet må ein sjå nærare på løysingar for varelevering og avfallshenting som legg opp til at disse ikkje må rygge inne i området. Ein bør også i forbindelse med dette sjå på løysingar for mjuke trafikantar som betre skil dei frå køyreareala innanfor planområdet. Løysingar for varelevering og avfallshenting bør nærare avklarast med leverandør og renovasjonsselskapet.

Miljø og klima

Detaljreguleringa grenser inn mot og har påverknad på [Skarvatnet \(ID: 107-31205-L\)](#). Varsla planavgrensing opnar for tilrettelegging av permanent næringsverksemd og fritidsbustadar inntil Skarvatnet. Der vassmiljøet blir påverka, direkte eller indirekte, må ein sørge for at det blir tatt nødvendig omsyn til miljø og naturmangfald. Vassforskrifta set krav til tiltak for å hindre negativ påverknad for vatn og vasskvalitet, samt at konsekvensar av tiltak må vurderast opp mot relevante føresegner i vassforskrifta. Miljøstatus i Skarvatnet er *God kjemisk og økologisk tilstand*, og det kan ikkje setjast i gang tiltak som forringer miljøtilstanden.

Detaljreguleringa må belyse kva påverknader tiltaka vil kunne ha på vassførekomsten, inkludert samla belastning. Val av løysingar for vann og avløp, samt overvasshandsaming må komme tydeleg fram. Eventuelle nye, eller utviding av eksisterande tiltak i direkte kontakt med vassførekomsten må handsamast etter [forskrift om fysiske tiltak i vassdrag](#). Naturlege vegetasjonssoner er viktige funksjonsområde som bidreg til å oppretthalde naturleg liv i og langs vassdraga, samt hindre erosjon og redusere avrenning. Det vises i denne samanheng til vassressurslova § 11 som setter krav om en naturlig vegetasjonssone mot vassdrag.

KONKLUSJON

Vi varslar at vi vil vurdere motsegn til eit planforslag som ikkje er i samsvar med dei statlege planretningslinjene for bustad-, areal- og transportplanlegginga, jamfør [rundskriv T-2/16](#) [Nasjonale og vesentlig regionale interesser på miljøområdet](#).

Vi viser elles til innspel over og ber om at dette blir tatt med i det vidare planarbeidet.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Ingeborg Forseth
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Kopi til:
Hustadvika kommune
Norges Vassdrag- og
energidirektorat
Statsforvaltaren i Møre og
Romsdal

Fagsaksbehandlar:

Samferdsel: rådgivar Lisa Enstad, tlf. 71 28 05 40

Miljø og klima: rådgivar Arne Håkon Sandnes, tlf. 71 28 03 50